



ÅRSMELDING 2020

Styret har bestått av:

Nils Erik Eide (leiar), Gro Anett Espevoll (nestleiar), Venke Særsten (kasserar), Tone Helen H. Halleraker (skrivar), Rita Kristine Aaker (styremedlem), Reidar Austrheim (vara), Daniel Roda Espevoll (vara).

Styret har ikkje hatt fysiske møte i 2020 grunna Covid-19, men har kommunisert på Facebook-gruppa til styret.

VUL har som mål å skapa liv og aktivitetar for barn, unge og eldre i bygda, og i den samanheng er laget med på å gi støtte til ulike prosjekt som gir rom for dette. Dette året har VUL hatt på agendaen om å gi støtte til Vikedal drillkorps, slik at dei kan halda fram med den kjekke aktiviteten som dei i så mange år har hatt her i bygda. I tre år framover ønskjer VUL gi 10.000 kr i året. Dette vert endeleg avgjort som årsmøtesak.

VUL har hatt lite inntekt på utleige av lyd – og lysanlegg grunna Covid-19. Styret har gått til innkjøp av ny digital miksepult, som kjem til å gjera det lettare for oss å rigge til når me blir leigd inn. Den gir også betre lyd.

Når det gjeld betre lagringsmoglegheiter for utstyret vårt på bygdahuset, så har det ikkje skjedd noko betring dette året, naturleg nok grunna Covid-19 situasjonen. Dette er framleis eit mål for styret – å få orden på lagring og meir kontroll på anlegget vårt.

Elles vart alle planlagde arrangement avlyst dette året grunna pandemien. Det blei ingenting av Kaptein Hjørnetann, VUL disko, som me har hatt stor suksess med i mange år.

V.U.L har søkt og fått desse midlane:

- Frifondsmidlar: 10.831 kr
- Driftstilskot Vindafjord kommune: 10.000 kr
- MVA kompensasjon: 4.604 kr

Dette året fekk VUL om lag 9.000 kr kroner som Grasrotmottakar, som er veldig bra. Me håpar etter kvart fleire set VUL som grasrotmottakar, dette er midlar som kjem vel med. Takk til dei som har hatt VUL som Grasrotmottakar.

Vikedal Ungdomslag stilte med to delegat med røysterett på Rogaland Ungdomslag sitt digitale årsmøte 19.mai. Venke og Nils Erik deltok, der sistenemnde fekk tillit til å leia dette digitale møtet.



Vikedal bygdaus arrangerte ikkje årsmøte i 2020, der VUL er ein av dei største andelseigarane.

Eg vil nytta høvet til å takka styret for året som gjekk og ser fram til eit nytt Covid-19 fritt år.

Takk for i år!

07.03.21

Nils Erik Eide

Leiar Vikedal Ungdomslag